



## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Fagnettverk for kommunane i Setesdal knyta til Setesdal Interkommunalt politisk råd  
(IPR)

## OPPDAGRAG, MANDAT OG ARBEIDSFORM FOR

### Setesdal Næringsforum

#### 1. Om fagnettverket

Fagnettverket er eit fagleg samarbeids- og utviklingsorgan forankra i kommunedirektørutvalet i Setesdal xx.xx.xx. Kommunane syter fortløpende for å melde om endringar av representasjon til Setesdal Interkommunalt Politisk Råd (IPR).

Leiar for nettverket møter i kommunedirektørutvalet 1 gong per år, samt etter behov.

Innovasjon Noreg og Agder Fylkeskommune deltek som observatørar.

#### 2. Samansetjing

Fagnettverket er sett saman av dagleg leiar for Setesdal Interkommunalt politisk råd (IPR), næringssjef/næringsrådgjevar og landbruksjef/landbruksrådgjevar frå kommunane Bykle, Bygland, Valle, Åseral og Evje og Hornnes. Kommunane sine representantar har tilnærma same fagansvar og delegert mynde i sine respektive kommunar, og vert oppnemnt av kommunedirektøren/styret. Fagnettverk blir etablert og evt. oppløyst av kommunedirektørutvalet.

#### 3. Føremål

Fagnettverket er etablert for å kome fram til:

- Betre samarbeid mellom kommunane
- Erfarings- og informasjonsutveksling

- Fagleg robustheit gjennom nettverksjobbing
- Handsome søknader om støtte i samsvar med vedtekten
- Betre avgjerder
- Tenesteutvikling
- Kurs og kompetanseutvikling av medlemene

#### **4. Oppdrag - generelt**

Fagnettverket har i oppdrag å ivareta oppgåver gitt av kommunedirektørutvalet f.eks.:

- a) Utgreie saker som er av interesse for fleirtalet av kommunane eller for regionen.
- b) Arbeide for at kommunane etablerer mest mogleg like rutinar der det er relevant, slik at fagpersonell lett kan vikarie i tilsvarende stilling i ein av dei andre kommunane.
- c) Føreslå felles kompetansehevande tiltak retta mot nettverket sitt formål.
- d) Utgreie og føreslå område der samarbeid mellom kommunane kan gje effektivisering eller kvalitetsforbetringar ut frå nettverket sitt formål.
- e) Utgreie og føreslå interkommunale prosjekt og tiltak, også under ekstern finansiering av prosjekta/tiltaka.
- f) Føreslå møteplan for nettverket.
- g) Utarbeide utkast til høyringsuttaler og andre oppgåver i høve til regionale/statlege myndigheter og samarbeidspartar.
- h) Vere rådgjevar for kommunedirektørutvalet i saker innafor nettverket sitt fagområde.
- i) Regional representasjon inn i eksterne fagnettverk på fylkesnivå o.l.
- j) Medvirke til strategisk utviklingsarbeid innafor fagområde – og peike på aktuelle /viktige satsingssområde av felles interesse/nytte.

#### **5. Mandat**

Den faglege vurderinga frå Nettverket skal kome fram i saksutreiing som underlag for handsaming når det er aktuelt. Nettverket blir invitert minimum ein gong i året til kommunedirektørutvalet for å orientere om arbeidet i nettverket.

#### **6. Arbeidsform**

- a) SIPR er møteleiar og har sekretariat.
- b) Til kvart møte blir det sendt innkalling med saksliste der saker til handsaming er godt skildra og evt. dokumentert. Det blir skrive referat frå møta som blir distribuert til mottakarane av innkallinga.
- c) Det blir halde minimum eitt møte i kvartalet.
- d) Den enkelte kommunen ber sin representant sine utgifter ved deltakinga (reise, arbeidstid, etc.).
- e) Saksførebuing og –handsamingsrutiner av søknader til Regionalt Næringsfond Setesdal er regulert i vedtekten til Regional Næringsfond Setesdal.